

Kjempar for Krundalen

■■ Siste urørde bufaste sidedal ■■ Jostedalen har gitt nok



UNDERSKRIFTAKSJON: Det er ei massivt negati haldning i Krundalen til at Statkraft skal koma og ta dei to elvane i dalføret, Tverradøla (bak underskrivarane) og Røykjadøla.

INITIATIV-TAKARANE: Reidar Kreken og John Grov, her med Oddmund Hoel mellom seg, hadde initiativet til aksjonen mot Statkraft sine planar i Krundalen.



KRUNDALEN: Folket i Krundalen protesterer mot Statkraft sine planar om ta elvane i dalføret. Fram til torsdag hadde 40 av dei 47 fastbuande skrive under mot den statlege kraftaktøren.

Det er elvane Tverradøla og Røykjedøla aksjonen fokuserer på, det heiter i oppropet: «Me bed om at Røykjadøla og Tverradøla får renna fritt og urørt som i dag!»

Statkraft har i lengre tid rekna på endå meir kraft frå Jostedalen, planen er å ta åtte elvar på dalens vestsida, dei såkalla vestsidelvane.

Klipte av

I Jostedalen meiner mange at kraftgiganten har gjort nok innhogg i vassdragsnaturen langs dette dalføret.

I urørde Krundalen har dei bufaste, samt personar med sterk ferietilknytning til dalføret, skrive under oppropet.

– Dei to elvane er svært godt synlege inne i Krundalen, seier Oddmund Hoel, og opplyser at dei vil bli klipte av midt oppe i dalsida, om Statkraft får gjennomslag for ei slik utbygging.

Renna fritt

Dei to elvane er viktige for det totale naturinntrykket i denne tredje av Jostedalen sine sidedalar.

– I Jostedalen er mykje regulert frå før, resten kan få renna fritt, Krundalen er den einaste sidedalen med buset-

nad som står urørt attende, seier Oddmund Hoel. Dei to andre sidedalane, Leirdalen og Vigdalen, har kvar for seg store inngrep etter vasskraftutbygging. I Krundalen kjem det til å syna att etter dei, Statkraft skriv sjølve i meldinga at restvassføringa i dei åtte vestsidelvane i snitt blir åtte prosent av dagens vassføring på årsbasis.

Dei som har feste i Krundalen, på heilårs- eller sesongbasis, men også fleire andre, meiner det er rimeleg at ein held att på denne siste store utnyttinga av vassdragsnaturen i Jostedal.

Så langt har totalt 64 personar festa underskrifta si til listene. Dei meiner det er underleg at kraftutbyggjarane skal sleppast laus på den eine sida av hovuddalføret, omlag samstundes med at ein ny nasjonalpark, Bre-

heimen, blir opna på andre sida.

Konfliktfylt

Statkraft sine planar går ut på å vinna 125 GWh meirkraft i nytt og gamalt system på vestsida.

Ein takrennetunnel skal leia dei nye elvane inn i den alt eksisterande Tunsbergdalsdammen i Leirdalen.

Men kraftgiganten sjølv vedgår at Krundalen er alt anna enn plankekøyning. På side 40 heiter det: «Inngrep i Krundalen kan vurderast som meir konfliktfylt på grunn av området sin store verdi for landskapet og friluftslivet/reiselivet».

Terje Eggum

terje.eggum@sognavis.no

TAKPLATER

med komplette løsnings



HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG

Sogndal ☎ 57 67 25 99 / 901 16 783